

Byggesaksavdelinga

Referanser:

Dykkar:

Vår:

Saksbehandlar:

Trude Langedal

trude.langedal@lindas.kommune.no

Dato:

23.01.2018

Uttale til dispensasjonssøknad – 17/36259 Bruksendring frå fritidsbustad til næring/tenesteyting, kai, flytebrygger m.m - gbnr 135/1 Smedholmen

Saka gjeld søknad om ulike tiltak på Smedholmen/Solhomen i Alverstraumen.

Søknaden gjeld fleire tiltak:

1. Bruksendring av fritidsbustad (omtalt som hovudhus i søknaden) til selskapslokale/kafe/overnatting
2. Bruksendring av naust/sjøbu til bar/skjenkelokale
3. Treplattung rundt sjøhusa/nausta mot nord med ein bredde på 3 meter
4. Kai mot aust med mål på 17x4 meter
5. Flytebrygge vest på holmen målsett til 24 meter
6. Flytebrygge på kommunal kai (ikkje målsett)
7. Frittstående telt vest på homen, plassert mellom sjøbu og flytebrygge. Mål 9x6 meter.
8. Takoverbygg på treplattung ved hovudhuset 6x3,4 meter.

Vurdering

Smedholmen ligg innanfor kommunedelplan for Knarvik-Alversund, kommunedelplanen er under revisjon. Reguleringsplan for Alverstraumen kai er under utarbeiding, tiltakshavar har sendt inn revidert planforslag til handsaming. Forslaget viser mellom anna flytebrygge ved kommunal kai, dette vil komme i konflikt med omsøkt tiltak i dispensasjonssøknaden (flytebrygge tilknytta kommunal kai).

I planframlegget for Alversund kai er det lagt inn 7 parkeringsplassar på kaiområdet som er tiltenkt det nye bustadprosjektet i tillegg er 20 p-plassar til gjesteparkering lagt ved Fv 565. Det er viktig å samkjøre bustadprosjektet på Alverstraumen kai og tiltaket på Smedholmen slik at bruk av parkeringsareala og plassering og bruk av ny flytebrygge er avklart.

Planavdelinga har utover dette ingen merknad til dispensasjonssøknaden.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Med helsing

Trude Langedal
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.